



Nils Gullak Kvalvågnes
Kvalvågnesvegen 682
5956 HUNDEVIN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/2065 - 23/35911

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
09.05.2023

Omgjering av og presisering av løyve til bygging av landbruksveg/etablering av føringsplass på gbnr. 84/4 Kvalvågnes gjeve av Alver kommune 23.04.2023.

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova § 35 1.ledd bokstav a) gjer Alver kommune om vilkåret sett i vedtaket av 24.04.2023 som gjeld vegklasse i høve bygging av landbruksveg på gnr. 84, bnr. 4 i Alver med fylgjande:

Vegen søkt om 02.03.2022 kan byggjast i vegklasse 6.

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar i høve etablering av føringsplass, presiserer Alver kommune fylgjande:

Føringsplassen skal plasserast i samsvar med kartvedlegget til søknaden av 02.03.22.

Saka gjeld

24.04.2023 gav Alver kommune Nils G. Kvalvågnes løyve til å byggje landbruksveg og etablering av ein førplass knytt til denne.

Alver kommune har vorte kontakta av ein av oppsitjarane til ei av hyttene i området – Morten Hjortland. Hjortland har i e-post av 04.05.2023 bede kommunen om å klargjere vedtaket i høve det som gjeld plasseringa til føringsplassen. I tilsvar til denne e-posten har Nils G. Kvalvågnes stadfesta dette, men òg bede kommunen om å oppklassifisere vegstandarden frå vegklasse 8 (enkel traktorveg) til vegklasse 6 (vinterbilveg).

VURDERING:

Vi ser at teksten tilhøyrande fig. 3 i saksutgreiinga kan verke noko uklår andsynes det som er søkt om. Kartvedlegget til søknadsskjemaet som syner plassering av føringsplassen ligg noko lenger aust og, slik vi fekk fortalt av Hjortland, på ei lita høg. Dette samsvarar med kartvedlegget til søknaden av 02.03.22 – sjå fig. 1 neste side.




Fig. 1. Plassering av fôringsplass slik det var skissert i søknad av 02.03.2022.

Å trekkje fôringsplassen bort frå p-plassen er jo ein fordel snarare enn ei ulempe. Dette står òg skildra litt i saksutgreiinga under avsnittet «privatrettslege tilhøve» som ligg til grunn for vedtaket av 24.04.23.

Under synfaring 05.12.2022 saman med tiltakshavar fekk sakshandsamar forståing av at Kvalvågnes skulle bruke vegen til å drifte dyra fram mot fôringsplassen og for avlevering av dyr til slaktebil. Det var, slik vi oppfatta det under synfaringa, ikkje aktuelt med anna bruk her enn som drifteveg til dyra. Dette var då bakgrunn for at vi nedklassifiserte vegen i vårt vedtak. Vi forstår no at Kvalvågnes også skal nytte vege til transport.

Etter forvaltningslova § 35, 1.ledd bokstav a), så kan ein kommune gjere om sitt eige vedtak utan klage dersom endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser. I dette tilfellet gjeld det oppgradering av vegstandard frå vegklasse 8 til vegklasse 6.

Det hadde vore naturleg om vi fekk melding om dette direkte frå tiltakshavar etter at vedtaket var kome han i hende.

Konklusjon:

Alver kommune ber tiltakshavar sjå bort frå teksten under fig. 3 i saksutgreiinga av 24.04.23 når det gjeld detaljplassering av fôringsplassen. Plasseringa var tenkt godkjent slik som kartvedlegget til søknaden av 02.03.22 synte.

Vi seier oss lei for feilen og rår til at tiltakshavar, om noko framleis tykkjest vere uklårt, kontaktar kommunen.

Alver kommune oppgraderer vegen til vegklasse 6 jf. «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse» slik det opphavelig var søkt om. Dette då vi oppfattar det no slik at vegen òg skal nyttast til transport utover drift av dyr.

Vi forstår det slik at tiltakshavar har vurdert å klage på vårt opphavelige vedtak. Med dette som bakteppe, og sidan dette er ei presisering av eit enkeltvedtak, legg vi opp til at det vert gjeve klagerett på presiseringa i tillegg til endringa av veklasse.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at

klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/2065»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hjortland Hundesport Servicesenter J M Hjortlandsvegen 230 5135 FLAKTVEIT
Hjortland

Mottakarar:

Nils Gullak Kvalvågnes Kvalvågnesvegen 682 5956 HUNDVIN